

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/7311-2

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit 2014 -SF revisjon IKS

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek «Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune» frå SF revisjon IKS til etterretning

Vedlegg:

- Brev frå SF revisjon IKS, datert 5. november 2014 - Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I samsvar med forskrift om revisjon § 15 skal den som føretek revisjon i fylkeskommunen vurdere sin uavhengigheit. Det står i forskrifta:

«Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og elles ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget»

Kravet til uavhengighet og objektivitet gjeld både revisor og revisor sine medarbeidarar. Føresegna om dokumentasjon gjeld berre oppdragsansvarleg revisor.

Oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon er Marianne Vara, SF revisjon IKS.

Kontrollutvalet har motteke vurdering av uavhengigheit frå Marianne Vara, SF revisjon IKS datert 05.11.2014.

2. Vurderingar og konsekvensar

Den mottekne vurdering av uavhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS inneheld ei vurdering basert på krava om uavhengigheit i kommunelova § 79 og i forskrift om revisjon §§ 13 og 14 .

Kontrollsjefen er av den oppfatning at vurderinga dekker kravet i forskrift om revisjon § 15 om dokumentasjon av uavhengigheit og at det ikkje er noko i vurderinga som vil svekke tilliten til revisor.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen råar kontrollutvalet til å ta «Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune» frå oppdragsansvarleg finansiell revisor i SF revisjon IKS til etterretning.